VESTLAND ARBEIDERPARTI

Arbeidsordning for representantskapet

1. Når ein ønskjer ordet, nyttar vi møtesystemet Easymeet.
    a. Lenkje: https://meeting.easymeet.se/arbeiderpartiet/#/
2. Ingen har rett til å få ordet meir enn to gonger i same sak. Taletida er avgrensa til 2 ½ minutt første gongen og 1 minutt andre gongen. Dirigenten har elles, når vedkomande finn det påkravd, rett til å fremje framlegg om ytterlegare tidsavgrensing og setje strek med innteikna talarar. Til forretningsordenen får ingen ordet meir enn éin gong – og høgst 2 minutt i kvar sak.
3. Styret og valde representantar har tale-, framleggs- og røysterett. Fylkestingsgruppa har møte- og talerett. Ved handsaming av fylkeskommunale saker har gruppa røysterett.
4. Delegatar som forlèt møtet før det er avslutta, må levere røystekort og røystesetlar til sekretærane på dirigentbordet. Dersom ein vararepresentant skal møte under delar av møtet, skal dette varslast ved registrering.
5. Skal ein representant ha røysterett, må vedkomande vere registrert ved kontinuering. Dersom representantar ikkje kan møte innanfor den oppgitte tidsramma, må sekretariatet varslast. Det kan givast dispensasjon.
6. Ordførarane som er inviterte, har talerett.
7. Partistyret får fullmakt til å godkjenne protokollen.
8. Sakspapira til representantskapet er digitale. Dokumenta blir publiserte i møtesystemet.
9. Møtet er ope for pressa.